



# Bygland kommune

Overordna Plan

09/ 7528

AUST-AGDER FYLKESKOMMUNE  
SENTRALADMINISTRASJONEN

07 JAN. 2009

Aust-Agder fylkeskommune  
v/Ola Olsbu  
Serviceboks 606  
4809 Arendal

Vår ref:  
2009/565-7

Sakshandsamar:  
Vidar Frøysnes, ☎ 37 93 47 06

Arkivkode:  
130

Dato:  
06.01.2010

## Regionplan Agder 2020. Høyring av planforslag.

### Saksprotokoll i Formannskapet - 05.01.2010

#### Vedtak:

1. Bygland kommune sluttar seg til hovudtrekka i utkast til Regionplan Agder 2020.
2. Bygland kommune sluttar seg til merknader og uttale frå Setesdal regionråd.
3. Bygland kommune vil støtte etableringa av faste samhandlingsarenaer og eit tettare samarbeid, slik at Agder kan møte framtidige utfordringar på ein mest mogeleg samla og heilskapleg måte.
4. For å stimulere til ei vidare positiv utvikling midt i Agder, bør regionplan 2020 formulere eit perspektiv der det vert satsa strategisk på Setesdal som ein viktig del av Agder. I regionplanen kan målsettingane løftast i ei strategisk samhandling mellom distrikta og tettstadane.

Med helsing,  
For Bygland kommune

Bygland kommune

Vidar Frøysnes  
Stabsleiar plan/næring

Vedlegg: saksdok.



## *Saksframlegg*

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
PS 6/10	Formannskapet	05.01.2010

### **Regionplan Agder 2020 - høyringsuttale**

#### **Rådmannen si innstilling:**

1. Bygland kommune sluttar seg til hovudtrekka i utkast til Regionplan Agder 2020.
2. Bygland kommune sluttar seg til merknader og uttale frå Setesdal regionråd.
3. Bygland kommune vil støtte etableringa av faste samhandlingsarenaer og eit tettare samarbeid, slik at Agder kan møte framtidige utfordringar på ein mest mogeleg samla og heilskapleg måte.
4. For å stimulere til ei vidare positiv utvikling midt i Agder, bør regionplan 2020 formulere eit perspektiv der Agder satsar strategisk på Setesdal som sitt nære & naturlege oppland. I regionplanen kan målsettingane løftast i ei strategisk samhandling mellom distrikta og tettstadane.

#### **Saksprotokoll i Formannskapet - 05.01.2010**

#### **Handsaming:**

Endringsframlegg frå Terje Greibesland til nytt pkt. 4:

For å stimulere til ei vidare positiv utvikling midt i Agder, bør regionplan 2020 formulere eit perspektiv der det vert satsa strategisk på Setesdal som ein viktig del av Agder. I regionplanen kan målsettingane løftast i ei strategisk samhandling mellom distrikta og tettstadane.

Formannskapet sluttar seg samrøystes til rådmannen si innstilling pkt. 1, 2 og 3.

Ved alternativ avrøysting mellom pkt. 4 i rådmannen si innstilling og endringsframlegget frå Terje Greibesland til nytt pkt. 4, vart endringsframlegget frå Terje Greibesland samrøystes vedteke.

#### **Vedtak:**

1. Bygland kommune sluttar seg til hovudtrekka i utkast til Regionplan Agder 2020.
2. Bygland kommune sluttar seg til merknader og uttale frå Setesdal regionråd.
3. Bygland kommune vil støtte etableringa av faste samhandlingsarenaer og eit tettare samarbeid, slik at Agder kan møte framtidige utfordringar på ein mest mogeleg samla og heilskapleg måte.
4. For å stimulere til ei vidare positiv utvikling midt i Agder, bør regionplan 2020 formulere eit perspektiv der det vert satsa strategisk på Setesdal som ein viktig del av Agder. I regionplanen kan målsettingane løftast i ei strategisk samhandling mellom distrikta og tettstadane.

# Saksutgreiing

## Oppsummering

Fylkestinga i Aust-Agder og Vest-Agder har vedteke at planlegging av felles utfordringar i regionen skal skje gjennom ein felles regionplan som erstattar fylkesplanane.

Regionplanen er ei vidareføring av Agderrådets strategiske dokument "Felles mål for Sørlandet 2003–2010" og erstattar dette.

Bygland kommune ligg midt i Agder, med kort reiseavstand til dei mest folkerike områda på Sørlandet. For Setesdal generelt, og kanskje Bygland spesielt, bør den gode beliggenheta i høve Arendal, Kristiansand og Lister-regionen utnyttast positivt for ei god regional utvikling. Det kan få mykje å seie for vidare utvikling i Bygland kommune om regionplanen formulerer ei bevisst satsing på Setesdal; som det næraste og mest naturlege Opplandet for Agder.

Gode planar med prioritering av felles mål for Agder er viktig for den vidare utviklinga. I regionplanen kan målsettingane løftast i ei strategisk samhandling mellom distrikta og tettstadane.

## Vurderingar

Regionplan Agder 2020 er eit overordna fellesdokument, med eit format der det ikkje skal utformast eit detaljert handlingsprogram. Det er dei store linjene og dei prioriterte måla som skal stå i fokus.

Hovudmålet i regionplanen er å utvikle ein sterk og samla landsdel som er attraktiv både for busetting og næringsutvikling.

Dette skal skje gjennom spesielt fokus på landsdelen sine sterke sider.

Planen set spesielt fokus på auka samhandling.

Det er formulert følgjande hovudsatsingsområde:

- 1. Klima: høge mål - låge utslepp**
- 2. Det gode livet: Agder for alle**
- 3. Utdanning: verdiskaping bygd på kunnskap**
- 4. Kommunikasjon: dei viktige vegvala**
- 5. Kultur: opplevingar for livet**

Rådmannen tilrår at Bygland kommune sluttar seg til hovudtrekka i Regionplan Agder 2020. Alle dei 5 hovudmåla rettar seg mot sentrale innsatsomåde for å få til ei vidare positiv utvikling i Agder.

Ettersom regionplanen er grovmaske og overordna, vil det vere store variasjonar i Agder når det gjeld lokale utfordringar. Utviklingstrekk i distrikta gjev heilt andre problemstillingar enn utfordringane i tettbygde strøk; med motsette føreteikn på folketalsutviklinga. Som ein følge av dette, vil det vere behov for sterkt differensierte virkemidlar i arbeidet med nærings- & kompetanseutvikling.

Samhandling er viktig for å nå felles mål om ei god utvikling i heile Agder.

For å få felles løft knytta til regionen sine sterke sider, bør det etablerast faste samhandlingsarenaer slik at Agder kan møte framtida på ein mest mogeleg samla og heilskapleg måte.

**Vedlegg:**

1. Setesdal regionråd, styresak 117/09 med vedtak 09.12.2009.

**Andre dokument i saka:**

Internettadresse til høyringsdokument: <http://www.regionplanagder.no>

**Melding om vedtak sendast:**

Aust-Agder fylkeskommune v/plansjef Ola Olsbu

## **VEDLEGG: nr. 1.**

Saksmappenr: 2007/296-19  
Arkiv: 130  
Sakshandsamar: Signe Sollien Haugå

# ***Saksframlegg*** ***Setesdal Regionråd***

<b><i>Saksnummer</i></b>	<b><i>Utval</i></b>	<b><i>Motedato</i></b>
117/09	Setesdal Regionråd - Styre	09.12.2009

## **Høyring - regionplan Agder 2020**

### **Tilråding:**

Styret i Setesdal Regionråd syner til saksutgreiinga og gir det som felles uttale frå regionen – samstundes blir kvar av kommunane i Setesdal oppmoda til å supplere og forankre denne gjennom kommunestyrehandsaming.

## **Saksprotokoll i Setesdal Regionråd-Styre- 09.12.2009**

### **Handsaming:**

Framlegg frå Bjørn A. Ropstad om å legge ved det tidlegare vedtaket frå styret om eit samla Agder. Knut A. Austad foreslo alternativ ny formulering måtte omhandle viktigheit av tett samarbeid og heilskapleg tilnærming i Agder for å møte framtidige utfordringar og moglegheiter.

### **Vedtak:**

Styret i Setesdal regionråd ser positivt på at ein arbeider for eit samla Agder for å sikre vidare utvikling og for å møte utfordringane framover i fellesskap.  
Styret i Setesdal regionråd syner til saksutgreiinga og avgir den som felles uttale frå regionen. Samstundes blir kvar av kommunane i Setesdal oppmoda til å supplere og forankre denne gjennom kommunestyrehandsaming.

## **Saksutgreiing**

### **1. Bakgrunn for saka**

Fylkeskommunane i Agder har utarbeidd utkast til "Regionplan Agder 2020".  
Planen er tenkt som plattform for regionalt utviklingsarbeid.

### **2. Saksopplysningar**

Dokumentet er til høyring med høyringsfrist 31. desember 09 for kommunane.  
Styret i Setesdal Regionråd har tidlegare gitt uttale til planprosess og utfordringsbiletet, datert 17.01.08 – uttrykt vedlegg. Regionen har og vore aktivt representert i dei ulike arbeidsgruppene og utvikling av temarapportar. Samt at regionplan var del av K14møte. Agderforskning har vore engasjert til å gå gjennom temarapportane for forarbeid til regionrådet sitt innspel til både eigen utviklingsplan for Setesdal og førebuing for neste innspel til regionplanen – uttrykt vedlegg.  
Det er gjennomført høyringsmøte med Fylkesordførarar / Fylkeskommunen og kommunane i Setesdal 5.nov – der dokumentet vart gått igjennom og drøfta.

Rådmannsmøtet drøfta saka i møte 18.nov 09.  
Utkastet til uttale baserar seg på nemnte arenaer og notat.

### **3. Vurdering**

#### **Innleiing – overordna framlegg – endra grep;**

1. Det bør kome tydelegare fram kva og korleis samla ressursar, verdiskaping og vekselverknadar og effektar mellom distrikt og kyst fungerer, og at det er ei gjensidig nytte og samvirke. – Ein ser gjerne at naturarven blir omtalte som fellesgode for rekreasjon, hytte og fritidsarena- og at konsesjonskraft frå indre bygder tilfører store verdier til samfunnsøkonomien til utvikling av offentlig infrastruktur, universitetsutvikling og anna velferdsutviklinga i heile Agder – og medan kysten er motor med næringsliv og kompetanseutvikling osv. som gir positive impulsar og umåteleg verdifulle effektar ut i distrikta.
2. Merkevaren Setesdal har symbolkraft og berekraft til å vere aktivum innafor tema som reiseliv, kultur og opplevingar – og ikkje minst innafor verdiskaping i tunge sektorar som energi, skog, handverk og kulturvern - for heile Agder. Dette vil vere positivt tilfang til dokumentet.
3. Innleiingsvis ser ein gjerne og at det blir eit uttalt mål eller gjennomgåande føresetnad at det skal vere positiv folketalsutvikling – både for Agder under eitt og innafor dei ulike regionane.
4. Det er ønskjeleg at ein opnar for større differensiering og ulike utviklingsstrategiar mellom by og distrikt og at det blir nedfelt i planen. Gjerne med rammer som; balansert og langsiktig arealforvaltning, lokalt handlingsrom ut frå ulike utfordringsbilete. - Gjerne og med fellesnemnarar som: stadutvikling, ungdomssatsing og Agder si samla utvikling.

#### **Generelle kommentarar til Regionplandokumentet som ein stør opp om:**

- Hovudmålet om å utvikle ein sterk og samla landsdel som er attraktiv for både busetting og næringsutvikling.
- Hovudgrepet om auka samhandling og gjennom fellesskap nå ambisiøse mål og oppnå meir.
- Ambisjonar om å ta heile landsdelen i bruk med vekt på balansert utvikling og heilskapstenking.
- Hovudmåla; Klima, Det gode liv, Utdanning, Kommunikasjon og Kultur er og dekkande for viktige satsingar og sett frå regionen vår.

I målbiletet eller andre stader i dokumentet bør det og gå att; at ei balansert og samla utvikling vil vere til alles beste over tid.

#### **Spesifikke innspel / kommentarar til teksta:**

##### **Mål 1: Klima – høge mål – låge utslepp.**

Eit viktig klima/energitiltak vil vere at ein gjennom FOU / teknologiutvikling knytt til tiltak for redusert energitap langs linenettet frå produksjonsstad til forbrukar og kontinentet. Ein ønskjer og at rein og grøn energi bør vere del av "varemerket" Agder og uttalt i målbiletet.

##### **Mål 3: utdanning – verdiskaping bygd på kunnskap:**

Desentralisert / distriktsvennlege studium og fokus på teknologiutvikling, har potensiale for å sikre kompetanse og konkurransekraft i heile Agder – foreslås inn i målbiletet og som berande strategi / hovudtiltak.

#### **Mål 4: Kommunikasjon: de viktige vegvala**

Gode vegar er føresetnad for interaksjon by-land og i Agder, regionalt og innafør lokale bu- og arbeidsmarked, for transport og reiseliv - og som føresetnad for livskraft i distrikta. Stamvegane E 18, E39 og Rv 9 har særleg prioritert som kommunikasjonar for landsdelen mot aust- og vestlandet og kontinentet. Satsinga på reiseliv innber forsterka fokus på reiseruta Kristiansand hamn – fjordane i vest via rv 9. Denne vegen er og avgjerande for Hovden som spissprodukt og destinasjon for vinterturisme og hovudutfartsområde for helgeturisme i Agder. Kvar region bør og ha definerte regionsentra egna for lokalisering av nærare definerte funksjonar og infrastruktur.

- Teknologisk infrastruktur opnar for framtidsretta brukarfokusert tenesteutvikling og avstandsuavhengigheit – for ein moderne offentleg sektor generelt og for å etablere kunnskapsintensive verksemdar /-klynger og kompetansmiljø kring om.
- Teknologeutvikling og FOU i offentleg sektor samd små- og mellomstore bedrifter kan medverke til effektivisering, auka verdiskaping og kvalitetsheving framover. Ikkje minst kan det fokusere UiA og forskingsmiljø si tyding for regionutvikling. Helsesektorar og offentlege/privat verksemd har potensiale for samhandling, over kommune/regiongrenser, gjennom teknologibruk og distriktsvennlege studiar / kompetanseheving som strategi.
- Kollektivsatsing er utfordrande i distrikta – Ein teneleg alternativ strategi for anna forsterking av fellesgode / infrastruktur som vil underbygge t.d. satsing på folkehelse kan vere uttalt satsing på sykkelruter og turvegar .

#### **Mål 5 Kultur – opplevingar for livet:**

Merkevaren Setesdal har kraft til å vere aktivum kultur og opplevingar gjennom høgt tal profesjonelle utøvarar innafør folkemusikk – , crossover, kunst – og ikkje minst handverk knytt til kulturvern , bygningsarv, sylvsmekunst osv. - gjerne meir aktivert for heile Agder. Sterkt fokus på festival` fenomenet bør supplerast med forankring og identitetsfokus med rot i felles kulturarv, folkekultur og tradisjon kan hende?

I mål 5 bør Setesdalskulturen med symbolkraft og utviklingspotensiale nemnast. I hovudtiltaka bør inn det utdjupast eit breiare kulturbilete - som omfattar folkekulturen og dei profesjonelle utøvarane i tillegg til

#### **Framtidig planhierarki –kopling mot regionvise planer – felles handlingsprogram:**

Ein ser føre seg at regionvise utviklingsplanar vil vere hierarkisk integrert v.s. Regionplannivået – og at desse regionvise dokumenta utdjupar og konkretiserar samhandlingstiltak ut til felles handlingsplanar for fylka. Slik kan ein sikre forankring og lokalt eigarskap til regionale retningar for utviklingsarbeidet og omforeina prioriteringar. Ein tilrår at regionane / kommunane blir utfordra til å kome med framlegg til tiltak for dei neste fire åra – og at dette blir samanstilt som grunnlag for fylkeskommunen sitt felles handlingsprogram

Valle, den 16.11.2009

Signe Sollien Haugå  
dagleg leiar